

REFERAT MØTE I FAU BYKLE SKULE

STAD: Personalrom Bykle barne- og ungdomsskule

TIDSPUNKT: måndag 25. november klokka 17.00

Medlemmer: Kine Emilie Steen, Lill K Kili, Kristian Dypedal, Hedda Schaanning, Agnes F Hovden, Merethe Aasen, Trym K Bjønnes, Daria K Matysik, Atle B Egeland og Natalie B Irgens

Forfall: Hedda, Merethe, Natalie, Agnes, Daria og Hedda

Saksliste:

Sak 10/24 Diverse informasjon frå skulen

Bygdefest 19.12

Kort informasjon om Bygdefesten torsdag 19.12 klokka 18.00.

Informasjon om arbeid med ny utlånsordning.

Frivilligsentralen jobbar med ein utlånsordning slik at born og unge i kommune kan låne utstyr gratis på Hovden Alpinsenter. Avtalen er ikkje ferdig, men FAU og skulen ynskjer ei slik avtale velkommen.

God haust - skulemiljø

Det har vore ein god haust med mykje aktivitetar og fornøgde elevar. Skulen sitt miljøteam jobbar godt med førebyggjande arbeid og har mykje samtalar med elevane.

I veke 48 arrangerer me «rar på håret dag» med vekt på at alle er unike, alle er ein viktig brikke i skulens store puslespel, ikkje vere fordomsfulle og gje alle moglegheit for å vere seg sjølv.

Sak 11/24 Klassekontaktane sitt arbeid.

Det er mykje godt arbeid frå dei ulike klassekontaktane og me vart einige om å lage eit årshjul for det sosiale arbeidet til dei føresette.

Dette for å hjelpe nye klassekontaktar og ikkje minst vere ein idébank.

Sak 12/24 Val av leiar og nestleiar.

Lill Kristin vart ny leiar

Trym var ny nestleiar

Sak 13/24 Nye vedtekter Bykle kommune

Kort informasjon om dei nye vedtektene som vart vedtekne tidlegare i år.

Sak 14/24 Skulegudsteneste

FAU i Bykle meiner det er heilt ok å arrangere ein skulegudsteneste så lenge det er eit valfritt opplegg og at dei som er igjen på skulen får eit godt opplegg.

Sak 15/24 Kunstig intelligens

Det kom innspel på om me burde ha opplæring/kurs i bruk av kunstig intelligens. Dette tek me vidare på neste FAU møte, men det er eit stort behov for kunnskap og opplæring for våre elever og personale.

Bykle 29.11.2024

Lars Erik Domaas, tenesteleiar